

Hardangertun, Kinsarvik 19. januar 2017

Årsmøte Ullensvang Venstre 2017

Til stades Reidar Kleivkås, Endre Bjotveit, Arild Ringøy, Knut Arne Espe, Petter Sexe Ulriksen, Bodil Moss, Johannes H. Sekse, Sverre Kleivkås, Torbjørn Bjotveit.

Petter Sexe Ulriksen las opp årsmeldinga, som alle dei frammøtte fekk skriftleg kopi av. Godkjend.

Bodil Moss la fram den reviderte rekneskapen. Godkjend.

Val av utsendingar til fylkesårsmøtet (UV kan senda tre representantar.)

11.-12. februar, på Stord

1. Petter Sexe Ulriksen
2. Sverre Kleivkås
3. Styret kan finna den siste

Val

Leiar Petter Sexe Ulriksen 1. år attval

Styret

Knut Arne Espe

Sverre Kleivkås

Endre Bjotveit (ikkje på val, 1 år igjen)

Bodil Moss (ikkje på val, 1 år igjen)

Varamedlem

1. Trond Steinsland
2. Nina Herland

Revisor

Reidar Kleivkås

Valnemnd

Torbjørn Bjotveit

Anders Djønne

Styret valdt ved akklamasjon, etter innstillinga frå valnemnda.

Val av utsendingar til Landsmøtet, i Ålesund. Lite truleg at Ullensvang får senda representantar i år. Petter var med på landsmøtet for to år sidan.

Diskusjon

Mange tykkjer at det er vanskeleg å stø Venstre når den nasjonale politikken er som den er.

Skal Styret prøva å verva nye medlemmer, og/ eller rekruttere tilbake dei som har meldt seg ut?

Skriva fleire lesarinnlegg, senda pressemelding for å gjera Venstre meir synleg?

Purra på medlemmer som ikkje har betalt årskontingent; lokallaget gjera dette? Det er råd å senda brev til dei som har meldt seg ut

Skipa til debattmøte for å synleggjera Venstre sine standpunkt?

Stortingsval 2017

Invitere Terje Breivik til folkemøte valkampen?

Samarbeida med Venstrelaga i Eidfjord og Odda?

Ta kontakt med Odda Venstre, ha som mål om å fusjonere laga? Det finst ikkje Venstrelag i Jondal. Ha samtaler med Odda Venstre? NB Det er fleire medlemmer i Ullensvang Venstre enn i Odda Venstre.

Utfordringar

- 1) Kva gjer Odda kommune for å utbetra Rv 13, den nye vegen til kommunesenteret?
- 2) Kva gjer Odda for å stø Rv 7? Vegen over Filefjell ligg klar, kvifor kan ikkje Odda stø Rv 7, mot at Ullensvang stø E134?

Framlegg frå Johannes H. Sekse:

UV bør krevja framleggjing av opplysingar/ reknestykke for nedleggjing av Sekse Skule, utbetring av Opedal Skule. Petter seier at dette kjem opp i kommunestyret og seinare i kontrollutvalet.

Skrive av Torbjørn Bjøtveit